

## **”Så fint å møte dokker samla”**

*Eit samarbeidsprosjekt mellom foreldre og fagfolk med tilknytting til barn med multifunksjonshemming*

*Hva er et barn? Å se et barn er å se muligheter, å se et menneske i en tilblivelsesprosess.*

*(Max van Manen)*

”Det e så fint å møte dokker samla” sa ein far under ein samtale med ein fagperson. Som far til eit barn med multifunksjonshemming deltok han på eit kurs for foreldre og fagfolk, og i dialogen reflekterte han over utbyttet av kurset han deltok på. Dette var ei klar melding til oss arrangørar, det å møte oss samla var ei ny og positiv oppleving for denne faren.

Kurset var eit ledd i eit samarbeidsprosjekt mellom ulike hjelpeinstansar og brukarorganisasjonar som alle har tilknytting til multifunksjonshemma barn og unge. I prosjektet har Norsk Forbund for Utviklingshemming, Handikappede barns Foreldreforening, Habiliteringstenestene for barn i Nord- og Sør- Trøndelag, Tambartun kompetansesenter og Trøndelag kompetansesenter gått saman om å arrangere kurs for foreldre, søsken og fagfolk. Gjennom dette arbeidet ønsker vi å utvikle modellar for samarbeid mellom foreldre og fagfolk. Prosjektet kom i gang som eit resultat av eit mangeårig samarbeid om å arrangere kurs for familiar med multifunksjonshemma barn og for fagfolka rundt barna. Her tok vi opp ulike tema som handla om å legge kvardagen til rette for barna og familiane deira. I løpet av samarbeidet vaks det fram ei aukande interesse for å fokusere meir på kunnskapen vi utvikla og kva nytte dette kunne ha for barna og familiane deira, og på å dokumentere erfaringane vi fekk. Aktiviteten var godt egna for eit prosjekt, så vi beslutta å søke om eksterne midler og drive arbeidet som eit prosjektsamarbeid mellom foreldre og fagfolk. Dette var bakgrunnen for at vi sendte søknad om prosjektmidler til Stiftelsen Helse og rehabilitering. At vi fekk det vi søkte om, opplevde vi som ei sterk støtte i det vidare arbeidet, og dette utløyste også ressursar i form av motivasjon og inspirasjon til å utvikle tiltaket vidare.

### **Kursopplegget**

I prosjektperioden har vi planlagt å arrangere til saman tre kurs. Målsettinga er å utvikle ein samarbeidsmodell for samordning av kurs for foreldre, søsken og fagfolk rundt barn med multifunksjonshemming, samt å evaluere og dokumentere dette. Temaene dekkjer vesentlege sider ved det å ha omsorg for barn med multifunksjonshemming. Dette er: ”Kan vi ikke ta

dem på alvor?” , ”Min bror eller søster er annerledes” og ”Velkommen til vår skole”. Det første kurset, som var for foreldre og fagfolk, vart gjennomført i februar 2005 ved Tambartun kompetansesenter på Melhus. Målgruppa for det neste kurset er foreldre og søsken, dette har tittelen ”Min bror eller søster er annerledes” og vil bli halde ved Tambartun kompetansesenter i mars 2006. Det siste kurset som skal haldast i 2007, er også for foreldre og fagfolk.

Prosjektsøknaden vart sendt via Norsk Forbund for Utviklingshemmede og søknadssummen på kr 562.200 var basert på heile kursrekka vi planla å gjennomføre. For søknadsåret 2005 mottok vi kr.183.00 kroner, og for 2006 har vi fått dei 196 000 kronene vi søkte om. Det totale budsjettet vi sette opp, hadde som utgangspunkt at foreldre og søsken skulle få tilbud om gratis kurs og opphald, samt full dekning av køyreutgiftene dei hadde i samband med kurset. I tillegg får dei tre representantane frå Handikappede barns foreldreforening og Norsk Forbund for Utviklingshemmede dekt utgiftene dei har i samband med deltakinga si i prosjektgruppa. All innsats frå fagpersonell frå statped-systemet og habiliteringstenestene blir dekt av den enkelte hjelpeinstansen.

### **Samarbeidsmodellen og erfaringar**

I samarbeidet er aktiviteten retta mot to arenaer, det eine er prosjektmøtene der alle kursa planleggast, og det andre er sjølv gjennomføringa av kursa. Grunnlaget for kurstilbudet blir lagt under aktiviteten i prosjektgruppa. Gjennom utveksling av erfaringar, individuelt arbeid, diskusjonar og felles refleksjonar utviklast ny forståing som dannar seg som idear til tema og opplegg på kursa. Prosjektgruppa har ti medlemmer, alle har lang erfaring som foreldre eller fagfolk til barn med multifunksjonshemming.

Å dokumentere erfaringane i prosjektsamarbeidet er eit viktig mål. I løpet av gjennomføringa av det første kurset har vi samla ei rekke data som skal utgjere grunnlaget for dokumentasjon. Dette er referat frå alle samarbeidsmøtene våre, eigen logg, kursreferat, dokument og skriv vedrørande kursarbeidet, notatar frå samtalar, artiklar med omtale og bilder frå kursa frå tidsskrift og aviser, evalueringsskjema frå kursa, notatar frå samtalar og skriv med åpne spørsmål til kurskomiteen. Dette vil danne grunnlaget for sluttrapporten, og dataene vi har så langt, er også grunnlaget for denne rapporten som er frå den første fasen i prosjektet.

Ved gjennomgang av datamaterialet vi har så langt finn vi mykje informasjon som gir oss innspill til tema for ein samarbeidsmodell. Det er eit stort samanfall i temaene, og mange overlappende tema frå foreldre og fagfolk. Enkelte tema og område skil seg ut som spesielt aktuelle, og desse har vi samla under overskriftene som følgjer.

### ***Ulike roller som eit utgangspunkt for samarbeid***

Gjennom dei ulike rollene våre er utgangspunktet for samarbeidet vidt. Vi har ulik bakgrunn og varierte erfaringar når det gjeld multifunksjonshemma barn. Foreldrerepresentantane i prosjektgruppa har barn med ulik grad av multifunksjonshemming, og dei har svært forskjellige erfaringar frå hjelpesystemet. Det samme gjeld foreldra som var deltakarar på det første kurset. Vi som er fagpersonar kjem frå ulike hjelpesystem som arbeider under forskjellige lovverk. Nettopp dette med mangfald og ulike perspektiv er trekt fram som eit viktig grunnlag i kurssamarbeidet, vi ser det slik at dette vil berike samarbeidet og føre til eit kurstilbud der vi har mulegheit til å dekke ulike og viktige sider i omsorgen for barna.

Også familiane sine behov for samordna og koordinert hjelp og støtte har vore ei drivkraft for samarbeidet. ” *Det e så fint å møte dokker samla* ” sa den før omtalte faren. Med dette utsagnet uttrykker han ei glede over at vi står saman om kurstilbudet, og over at han denne gongen kan møte oss samla, men uttrykket skjuler kanskje også noen erfaringar med eit hjelpeapparat som opererer kvar for seg framfor å samarbeide om bistand og støtte til familiane. Mange foreldre har forvirrende erfaringar med ulike fagfolk sine ekspertråd, og historiar om sprikande råd frå dei ulike hjelpeinstansane som er inne for å hjelpe, er ikkje uvanleg.


Dei ulike etatane kan opplevast både som samarbeidspartar og konkurrentar i arbeidet med å bistå familiane. Vi hadde intensjonar om å utvikle ein samarbeidsmodell som skulle auke kvaliteten og legge til rette for eit meir samordna tilbud. Følgjande utsagn kan tyde på at vi er i ferd med å legge eit grunnlag for dette: ” *Samarbeidet har ført til økt kunnskap og forståelse, og til at vi får respekt for hverandre* ”. Dette er uttrykt av ein av foreldrerepresentantane i prosjektgruppa. Ein av fagpersonane seier: ” *Det blir bedre kvalitet på kursa når vi samarbeider, og at vi har ulik bakgrunn styrker tiltaket* ”, vidare seier ein annan fagperson: ” *dette er en unik mulighet til å bli kjent med hva samarbeidspartnerne står for, og dermed et godt grunnlag for å finne fram til gode samarbeidsmodeller. Vi kan bidra med det hver enkelt er god på, dette motvirker overlappende tjenester* ” Dette er samanfallande med kva Løvås & Løvås (2004) hevdar når dei omtalar tverrfagleg samarbeid som interaksjon mellom representantar frå ulike fag med dobbelt formål: det eine er å sikre kvalitet i arbeidet ved at den samla faglege kompetansen blir utnytta maksimalt, og det andre er å utvikle eit felles kunnskapsgrunnlag på tvers av fag og stimulere til fagleg utvikling. Kursa våre er retta mot familiar og fagfolk som arbeider med barn med multifunksjonshemmingar. Med den erfaringa vi har fått gjennom kurssamarbeidet, sit vi igjen med to hovudinstrykk, det eine er at behovet for kurs retta mot denne målgruppa er

stort, og det andre er dei positive resultatane vi ser av sjølve samarbeidet. Nettopp dei ulike rollene våre opplever vi som ein styrke, fordi deltakarane i samarbeidet har ulike former for kompetanse. Denne læringsprosessen ønsker vi å utvikle vidare gjennom samarbeidet vårt. Det sentrale temaet er at vi som foreldre og fagfolk skal utvikle ny kunnskap og forståing i samarbeidet, samt fokusere på kva måte dette representerer ein kvalitet for tiltaket vi samarbeider om.

### ***Tverrfagleg samarbeid med likeverdig deltaking***

Tverrfagleg samarbeid innebærer at representantar frå alle relevante fag og profesjonar samarbeider, først og framst med tanke på brukarane sitt beste. Skal samarbeidet med foreldre vere likeverdig, må omgrepet tverrfagleg samarbeid utvidast til også å omfatte dei, og dessutan må dei integrerast i det faglege samspelet som aktive aktørar (Lauvås & Lauvås 2004). I prosjektet har innsatsen frå fagfolk og foreldre vore sidestilt slik vi opplever det. Vi har sett det slik at vi har gått til felles teneste for dei multifunksjonshemma barna og familiarne deira. Samarbeidet har fungert som ein interaksjon mellom ulike representantar frå foreldre og fagfolk som har omsorg for, og sitt arbeid knytta til barna. I arbeidet har vi brukt kvarandre sin kunnskap for å kome vidare med å finne gode tema og innhald på kursa våre. Dette er også tilfelle når det gjeld strukturelle forhold og organisering av kursa. Vi har forsøkt å organisere dette på ein måte som gir den enkelte kursdeltakar inspirasjon og ny glød til å ta fatt på utfordringane dei står ovanfor.

Etableringa av samarbeidet har ført til ei utvikling mot å dele med andre, slik at den enkelte sitt arbeid blir samanføynd med eit større heile. I dette har det vore ein kultur for å respektere den enkelte sin identitet som foreldre eller fagpersonar. Etter vårt syn er dette viktig også om ein skal lykkast i å utvikle ny kunnskap.




Modell 1. Skjematisk framstilling av samarbeidsprosessen (prosjektskisse, Skorpen)

Ein av foreldrerepresentantane i komiteen har med denne modellen skissert ei framstilling av utviklingsprosessane i samarbeidet. Barnet med funksjonshemming er den som har behov for bistand og er også den samarbeidet er etablert rundt. Foreldra kjenner barnet best og er derfor uunnverlege deltakarar i samarbeidet. Fagfolk frå ulike etatar er ansvarleg for å legge til rette for barnets beste i form av helsetiltak, barnehage- eller skoletilbud. Alle har ulik bakgrunn, kompetanse og erfaringar, men saman skal vi delta i arbeidet og utnytte kvarandre sin kompetanse til beste for heilskapen rundt barnet. Modellen skisserer ei utvikling frå tre atskilde aktørar til at aktiviteten går meir over i kvarandre slik at rommet for samhandling blir større. For å få til eit godt tilbud har vi heile tida hatt eit fokus på at både foreldra og fagfolka sine perspektiv har vore viktige for kvaliteten på resultatet. *”Foreldre deltek som likeverdige deltakarar i samarbeidsgruppa, dette trur eg er viktig for å skape balanse i gruppa”* skriv ein av foreldrerepresentantane i samarbeidskomiteen. Å yte fagleg bistand handlar om å sjå barnet, foreldre, familien og omgivingane som system av samanhengande relasjonar. Skal vi fagfolk kunne hjelpe, må vi kunne arbeide på basis av ein likeverdig og fungerande dialog med foreldra (Hafstad&Øvreeide,1998). Foreldreutskaget rommer også eit anna tema, nemleg at den erfaringa og kunnskapen foreldra har, betyr mykje for kvaliteten på kurstilbudet. Generelt er det mange eksempel på at foreldre ikkje tas med i faglege samarbeidsfora der dei kunne ha gitt viktige bidrag. At fagfolk viser takt i denne prosessen, kan bety at dei er lydhøre og kjenslevare for foreldra sin situasjon, og for korleis dei skal opptre i den (van Manen, 1993). I samarbeidet ligg det mange mulegheiter for at fagfolk skal kunne utvikle nye ferdigheiter og ei slik forståing. Ei av mødrene i prosjektgruppa seier: *”Jeg synes det er lettere å se likeverdet når vi skal ”handle sammen”*. Dette utsagnet set fokus på det mest sentrale i erfaringa vår, at det er det å *handle saman* som åpner nye dører. Utan denne felles samhandlinga ville vi ikkje ha utvikla ei slik bevisstheit. Sett i lys av dette er uttrykket *samhandling* det mest dekkande uttrykket for aktiviteten i samarbeidet. Samhandling er i første omgang den praktiske delen av arbeidet som i neste omgang gir oss erfaring som fører til ei høgare bevisstheit hos den enkelte av oss.

### ***Det tette samarbeidet mellom foreldre og fagfolk har ført til auka forståing***

Noe av hensikten med samarbeidet er å utvikle felles forståing for barna sine behov, og å utvikle innsikt til å utforme gode tiltak. Eit viktig bidrag er den kunnskapen foreldra har. I mykje av faglitteraturen er denne kunnskapen lite synleg, i fall den omtalast er det når brukarrepresentantar tas inn i arbeidet som alt er etablert av fagfolk. Den kunnskapen brukarane sjøl har om situasjonen sin, må gis merksemd og leggast inn som eit bidrag til den tverrfaglege innsikta. Ser ein på brukarperspektivet som sentralt, må det utviklast rammer for

korleis ein skal trekke inn og involvere brukarane i saker som har med dei å gjere. Lauvås & Lauvås (2004) peker på at når brukarane deltar i alle deler av samarbeidet, kan ein spørre om *brukarintegrert samarbeid* er eit bedre omgrep enn tverrfagleg samarbeid. I vårt tilfelle var det ei mor som saman med ein fagperson tok det første initiativet til samarbeidet. Det er derfor ikkje slik at foreldrerepresentantane er tatt inn av fagfolk for å delta i eit fagleg samarbeid som alt er etablert. At foreldre og fagfolk var saman om initiativet trur vi både kan ha ei viss betydning for den samarbeidskulturen som har utvikla seg, og for bevisstgjeringsa om kva likeverdig deltaking betyr i eit slikt samarbeid.



Modell 2. Brukarintegrert samarbeid (Lauvås & Lauvås, 2004)

Slik vi ser det, skisserer denne modellen aktiviteten vår på ein god måte.

Prosjektgruppa består av foreldre og fagfolk, og med barnet som utgangspunkt samarbeider vi mot ny felles innsikt. I arbeidet har vi opplevd at den samla kompetansen vi har, mykje lettare kan utnyttast og utviklast ved at vi samarbeider så tett, og vi har også fått ei formeining om at dette gjer det lettare å sikre kvaliteten på tiltaket. Det å utvikle eit felles kunnskapsgrunnlag på tvers av fag og erfaringar, stimulerer til fagleg utvikling (Hafstad & Øvreeide, 1998). I ei slik setting vil det vere unaturleg å tvihalde på sin eigen spesialkompetanse, dette fellesskapet gir heller rammer som løyser opp, det visker ut skilleliner og fremmer ei innstilling til å dele med andre. Samarbeidet fører til ei avhegigheit og ein nærleik som set oss i bevegelse mot den andre sitt syn. Ei av mødrene i gruppa seier: *”At det er både fagfolk og brukarrepresentantar i gruppa gir ulike perspektiv, men det at vi har den samme målsettingen, gjer det interessant”*. Det å ha ulike perspektiv i arbeidet fram mot eit felles mål, fører til at den enkelte kan bidra med sin kunnskap for å få oppgåva løyst på ein god måte, og dette kan også bidra til å sikre rammer som gir rom for mangfald i kursopplegget. I denne prosessen utviklast også ny felles innsikt (Lauvås&Lauvås, 1999).

Familiar som får eit funksjonshemma barn vil oppleve at dei står ovanfor fleire mulege offentlege hjelpetenester, og dei må også ofte halde seg til hjelpeapparatet på fleire nivå. Det kan også vere forvirrande at hjelpeapparat er delt på ulike sektorar (Ingstad & Sommerschild, 1984), og for barn med multifunksjonshemming som kan ha nedsatte funksjonar og sansetap på fleire område, er det gjerne behov for hjelp frå fleire fagmiljø. Foreldra har ofte etterlyst ei samordning av teneseter for å slippe å halde seg til mange ulike fagmiljø som har kvar sine kompetanseområde. Både fagfolk og foreldre er ofte opptatt av å legge tilhøva for barnet til

rette på ein god og heilheitleg måte, men det er barnet og foreldra som står i midten og skal ta imot, som må halde seg til velmeinande aktørar frå ulike instansar med ulike perspektiv. Eit tett samarbeid gir innblikk og ny kunnskap, dette har denne mora ei høg bevisstheit om: *”Det tette samarbeidet mellom fagfolk og foreldre i dette prosjektet har ført til innsyn i hverandres måte å tenke på. Fagfolk som møter foreldre og andre på samme arena og likt nivå lærer mye! De får innspill fra personer med ulike erfaringer, de får tilbakemeldinger på praksisen”*. For oss fagfolk har dette samarbeidet gitt godt innsyn i familien sin situasjon, det har åpna dører der vi lettare ser barnet, foreldra, familie og omgivnader som system av samanhengande relasjonar (Hafstad & Øvreeide, 1998). Sektorinndelinga kan få mange konsekvensar for barnet og familien, dei kan risikere å få hjelp frå ulike fagmiljø som er delt inn i sektorar. Ein av fedrene uttrykker eit ønske om endring når det gjeld dette: *”For meg som far håper eg at eg får oppleve at mange av instansane vert slegne saman, nettopp for å kunne ha ulik kompetanse innanfor dei same fire veggane”*. Vidare utdjupar han kva samarbeidsprosjektet har betydd i så måte: *”Eit slikt samarbeid har ført til at vi klarer å sjå barnet med eit heilheitleg perspektiv, dvs vi tenker ikkje berre på syn eller hørsel eller kommunikasjon. Vi tek omsyn til heilheita. Det er vesentleg for våre barn å bli møtt med eit slikt perspektiv, utan vert det berre ei mengde aktørar utan nokon samanheng.”*

### ***Samarbeidet fremmer dialog mellom foreldre og fagfolk***

Språket er ein viktig faktor i all sosial samhandling. Kunnskap byggast opp gjennom interaksjon mellom menneske, og det er gjennom aktivitet i praksisfellesskap vi kjem i kontakt med, lærer av, og sjøl er med på å forme dei omgivnadene vi er i (Wertsch,1986). Måten vi samhandlar på er ofte mediert gjennom reiskapar og språket er ein slik formidlande faktor. Språklege ferdigheiter gjer oss i stand til å kommunisere med andre menneske. Den kommunikative samhandlinga vi er ein del av former og utvikler både oss og det sosiale miljøet vi ferdast i. Både Vygotsky og Bakhtin hevda at kommunikativ praksis mellom menneske fører til mental funksjonsdyktigheit hos individet (Wetsch, 1986).

Det var ei gjengs oppfatning hos fagfolka i samarbeidskomiteen at det å ha foreldre som så nære samarbeidspartar, var positivt på fleire måtar. *”Vi lærer av hverandre og også for fagfolk blir det lettere å ta kontakt når vi vet hvor ulik kompetanse sitter”* seier ein av fagpersonane, og trekker vidare fram betydninga av å bygge kompetansesnettverk. For det faglege innhaldet representerte også dei ulike erfaringane eit grunnlag for meir mangfald og reflektert innhald i vurderinga av kurstiltaka, men foreldra sine innspill har også gitt oss kunnskap som vi har internalisert (Vygotsky, 1978) og som vi ber med oss vidare. Det nære samarbeidet gir oss auka forståing og eit stadig meir nyansert syn på familien med eit funksjonshemma barn, på denne måten kan vi seie at vi utviklar ein bedre handlingskompetanse. Men dette samarbeidet gir oss også ein annan styrke, i den dialogen

som oppstår oss i mellom, skapast det meining, gjennom språket overfører vi kunnskap frå den eine til den andre. Dette verkar sjølsagt begge vegar, prosessen utviklar oss og fører til at det skjer ei endring, fordi denne erfaringa aukar relasjonskompetansen til oss fagfolk (Lauvås & Lauvås, 2004).

Ein av foreldra seier: ” *Vi lærer av hverandre og slik får vi gjensidig respekt for hverandres kunnskaper og erfaringer*”. I prosjektgruppa arbeider vi tett, og erfaringa vi får, gjer noe med oss, samarbeidet har eit aktivt element som består i å *forsøke* og eit passivt element som å *bli utsatt for*. Når vi erfarer noe, handlar vi i forhold til det, vi gjer noe med det og blir deretter utsatt for konsekvensane av handlinga våre. Vi gjer noe med tingen og så gjer den noe med oss igjen. Forholdet mellom desse to fasane måler kor fruktbar eller verdifull erfaringa er. Skal vi som fagpersonar kunne bistå foreldra med hjelp og støtte i utfordringane dei står overfor må vi kunne etablere ein dialog med dei, og som dialogpartnarar må vi ha innsikt i den sosiale situasjonen dei lever i. Også foreldra fortel om utbytte av samarbeidet: ” *Vi foreldre får økt kunnskap om og bedre forståelse for hvordan fagfolk tenker og arbeider, kompetansen blir klarere, fagfolk blir mer ”mennesker” og du ser lettere hva som ligger bak fasaden*” Med denne innsikten kan ein lettare unngå urealistiske forventningar, bedre kjennskap og nærare samspel aukar tryggleiken og gjer det lettare å arbeide mot det samme målet som for oss er det beste for barnet. I følge Mead er det å kunne ta andres perspektiv grunnleggande for å forstå læreprosessar og korleis relasjonen til andre er konstituerande for læring (Vaage, 2001). Det er i mellom menneska meining oppstår. Ein av fagfolka i samarbeidskomiteen konkluderer slik: ” *Dialogen mellom brukere og fagfolk fører til innsyn i hverandres måte å tenke på*”. Dette kan gi åpning for at ein ikkje tviheld på sin eigen kompetanse, men heller deler med kvarandre. Likevel er dette ein balansegang der ein må passe seg for ikkje å slipe seg så mykje til kvarandre at den tverrfaglege krafta dempast for mykje (Løvås & Løvås, 2004). Ny forståing oppstår i ein dialog der samspelspartane har tillit til kvarandre (Bakhtin, 1986), men dialog er ikkje berre ei veksling av ytringar. I løpet av alle våre diskusjonar har det også vore spenning, og konflikhtar kan også oppstå mellom folk som ytrer seg. Med eit åpent sinn kan dette spenningsforholdet og dialogen mellom dei ulike deltakarane gi nye perspektiv og føre til at det skapast ny meining og forståing (Wertsch 1986).

### ***Samarbeid som gir kvalitet***

Vi går tilbake til faren som deltok på eit tidleg kurs. Han illustrerer betydninga av eit samarbeid mellom aktørar som oss når han sa: ”Det e så fint å møte dokker samla”. Foreldre til barn med multifunksjonshemmingar må ofte halde seg til mange hjelparar frå ulike



instansar. Sjøl om hjelpa ytast til det samme barnet, opplever foreldra ein mangel på samordning i engasjementet. I samarbeidsprosessen vår oppsto ny forståing som kunne åpne nye dører både for foreldre og fagpersonar, og omgrepet kvalitet kan romme ulike oppfatningar av kva dette er, kanskje like mange som talet på aktørar er. Å finne eit kvalitetsomgrep alle kan slutte seg til, krev ei avklaring av kva ein legg i dette. I Norges offentlige utredninger ” I første rekke” (NOU 2003:16) er kvalitetsarbeidet i grunnskoleopplæringa vurdert, her delast kvalitetsbegrepet inn i tre område. Områda er strukturkvalitet, prosesskvalitet og resultatkvalitet. Dette åpnar for ei brei tilnærming til kvalitet og det famnar over ulike nivå på aktiviteten i ein organisasjon.

*Strukturkvalitet* beskriv dei ytre føresetnadene og omfattar organisering av verksemda, dokument som definerer den og kva lover og regler den er underlagt. Ved å organisere dette arbeidet som eit prosjekt har vi fått nye perspektiv og lagt til rette for ein ny struktur på samarbeidet. Utforminga av ein prosjektplan var i seg sjøl ei kvalitetsheving, særleg fordi dette definerer, styrer og dannar grunnlaget for organiseringa av tiltaket. Desse ytre føresetnadene har gitt oss meir handlingsrom, fordi prosjektplanen omfattar bruk av personellressursar, størrelse på kursa og ikkje minst sikrer økonomien til å gjennomføre dei planane vi har. Det å få prosjektmidler frå Stiftelsen helse og rehabilitering har derfor åpna nye dører, gitt eit friare spelerom og gitt oss fleire mulegheiter for ein annan ressursbruk. Ikkje minst sikrer dette at representantar frå brukarorganisasjonane kan delta i samarbeidet om kursplanlegging, og det å ha slike økonomiske ressursar gir foreldre og søsken mulegheit til å delta gratis på kursa. Alt dette betyr mykje for kvaliteten av utbyttet for alle som kjem på kurs. Ved at foreldra er sterkt representerte sikrer vi at viktige innspel og perspektiv blir ein del av innhaldet på kursa.

*Prosesskvalitet* handlar om dei indre kvalitetane, sjølve arbeidet som blir gjort. Korleis arbeidet blir utført og kva samspel det er mellom aktørane. Ei mor som sit i samarbeidskomiteen uttrykker: ”*Det som er positivt er at alle møtes på samme nivå i samarbeidskomiteen vår. Dette fører til gjensidighet og respekt for hverandres erfaringer og kunnskaper*”. Korleis vi anvender kvarandre sin kompetanse, betyr mykje for resultatet, og kva vi som enkeltpersonar lærer, er avhengig av kulturen vi er i. I vårt samarbeid er det ikkje berre enten foreldre eller fagfolk som er bidragsytarar, det er den gjensidige tilpassinga, eller forhandlinga, oss i mellom som skaper det interpersonlege klimaet i samarbeidet. Slik blir den enkelte inkludert i ”det intersubjektive” klimaet, og her er alle viktige bidragsytarar (Hundeide, 2001). Vi blir alle forma av den sosiale konteksten vi lever i, dette gjeld også når vi som foreldre eller fagfolk gjennom ein prosess skal finne fram til gode modellar.

Prosesskvalitet omfattar også opplæringa sitt innhald, metodisk tilnærming og læringsmiljø. Prosesskvaliteten set fokus på korleis ein utfører arbeidet, og kva kvalitet det er på samspelet til dei som samarbeider. ”  *Dette er brukermedvirkning i praksis* ” seier ein av fagpersonane i gruppa. Begge desse utsagna kan sjåast i lys av Funksjonshemmedes Fellesorganisasjon (FFO) sin definisjon av omgreper brukermedvirkning:

Brukermedvirkning er når en bruker eller brukerrepresentant går i dialog med politikere og/eller tjenesteytere og på lik fot med dem tilbyr kompetanse og spesialkunnskap – basert på egne og/eller andres erfaringer – for å løse ulike samfunnsoppgaver (Funksjonshemmedes Fellesorganisasjon 2000:6).

Samarbeidsprosessen vår samsvarer godt med denne definisjonen av brukermedverknad. Ein av fedrene understreker dette: ” *I denne samarbeidsmodellen samlar vi kompetanse frå ulike miljø, dette utviklar oss alle. At foreldre er likeverdige deltakarar er viktig* ”. Denne faren fokuserer her på kunnskapen den enkelte har, men også på korleis samarbeidet utviklar den enkelte si forståing, og kva som er resultatet av samarbeidet.

*Resultatkvaliteten* er resultatet av sjølve arbeidet, det ein ønsker å oppnå. Kva har deltakarane lært, kva for ny forståing har dei utvikla? Alle medlemmene i samarbeidskomiteen trekker fram gjensidig respekt og utvikling av ny kunnskap som eit resultat av samarbeidet. Alle diskusjonane i prosjektgruppa har gitt oss gode mulegheiter for sette seg inn i andre sitt syn, og det har vore ein åpen dialog rundt dei aktuelle temaene. Språket er viktig i all samhandling mellom menneske, det er ikkje minst viktig for å formidle meining og utvikle ny forståing (Vygotsky 1978). Når det gjeld den språklege samhandlinga, har vi gått i gjennom ein prosess frå å vere mest einig i den tidlege fasen, til meir meiningsbryting og mot til egne meiningar. Det er i den seinare fasen vi har fått ei bevisstheit om kva dette har gitt oss. Og det beste av alt: vi begynner å sjå på barnet, foreldre og fagfolk rundt barnet utan å gi stempel som brukar, pasient eller klient. Dette har med likeverd og gjere, og dette er vel med på å gi kvalitet i arbeidet?

Alle som er foreldre møter fagfolk, og omverda elles, med ei historie om barnet sitt. Dette er ofte ei fortelling med ein grunntone av verdigheit, ei historie som bind saman det livet barnet og foreldra lever, kvardagslivet deira, barnet sine interesser og familien sitt ansvar og oppgåver (Rappana Olsen, 2001). I dette ligg eit bevisst eller ubevisst grunnleggande ønske om at det sosiale miljøet rundt familien også skal sjå på barnet deira med verdigheit. Blom og Sjøberg (1993) kallar dette foreldrekraften. Denne krafta har foreldra fordi dei kjenner barnet sitt best, og dei kjenner også best for det. Foreldra omtalar barnet sitt med kjærleik, dette er dimensjonar vi som fagfolk har god grunn til å ta inn over oss. I

kurskomiteen har vi lært at det ligg store mulegheiter for læring om vi lyttar til foreldra når dei presenterer det multifunksjonshemma barnet sin individualitet, når dei ser på barnet som eit aktivt menneske, når dei set ord på dei positive erfaringane barnet har gitt dei, eller ved at dei definerer barnet sin plass i det sosiale livet i nærmiljøet (Rappana Olsen, 2001). Å utvikle ein vilje til å sjå på dei positive sidene ved livet til familiar som har multifunksjonshemma barn er ein vilje til å anerkjenne barnet og familien som dei er.

Det endelege resultatet av samarbeidet er kursa vi arrangerer for familiar og fagfolk. Vi har lagt vekk på at det faglege innhaldet skal vere relevant for deltakarane, og i diskusjonane fram mot det endelege programmet, ligg det mange erfaringsutvekslingar og meiningsbrytingar. Vi har lagt fram våre ulike bidrag i denne diskusjonen, og dei ulike innspela har ført til ein prosess med endring og kunnskapsutvikling. Det har likevel vore ein uskriven regel som gir foreldra sitt syn mest tyngde når konklusjonane skal trekkast. Dette bygger på ei felles oppfatning av at foreldreretten er sterk, men uttrykker også den respekten vi har for dei som verkeleg veit kva dei kvardagslege utfordringane går ut på. I denne prosessen med dialog og erfaringsutveksling har vi lært at individualitet heng saman med fellesskap, og at stemmen til den mora eller faren som snakkar er ei stemme vi må vi lytte til (Rappana Olsen, 2001).

Engasjerte foreldre er ein viktig ressurs for eit barn. Har barnet multifunksjonshemming, er det i tillegg viktig at familien får støtte fra motiverte og kunnskapsrike fagfolk. For å lykkast i å legge til rette for at barnet skal få ein god kvardag og eit godt liv, står vi overfor utfordringar med samordning og samarbeid. Eit slikt samarbeid frigjer ressursar og det lettar situasjonen til dei som skal ta imot hjelpa. Dette prosjektet er eit forsøk på å gi eit innspel til ei slik utvikling.

### **Litteraturliste**

Blom, I. og Sjøberg, M. (1993). *Föräldrekraft. Föräldrar till barn med funtionshinder berättar om livet och mötet med samhället*. Falköping: Arbetarnas Bildningsförbund.

Dewey, J. (1999). *Erfaring og tenkning*. I: Dahle, E. L. (red.) Skolens undervisning og barns utvikling. Oslo: Ad Notam Gyldendal.

Funksjonshemmedes Fellesorganisasjon (2000): *Mål og Middel, brukermedvirkning for full deltaking og likestilling*. Håndbok for brukerrepresentanter fra funksjonshemmedes organisasjoner.

Hafstad, R. & Øvreeide, H. (1998). *Foreldrefokusert arbeid med barn*. Kritiansand S.: Høgskoleforlaget AS.

Hundeide, K. (2001). Det intersubjektive klasserommet. Klasserommets skjulte føringer for å inkludere og ekskludere elever. I: O.Dysthe (red.), *Dialog, samspel og læring*. Oslo: Abstrakt forlag, s.151-172.

Ingstad, B. & Sommerschild, H. (1984). *Familien med det funksjonshemmede barnet*. Oslo: Forlaget Tanum-Norli A/S

Lauvås, K. & Lauvås, P. (2004). *Tverrfaglig samarbeid*. Oslo: Universitetsforlaget.

NOU 2003: 16: *I første rekke. Forsterket kvalitet i en grunnopplæring for alle*. Statens forvaltningstjeneste Oslo: Akademika AS. Avdeling for offentlige publikasjoner.

Rappana Olsen, B. C. (2001). *Bilder av barnet –om foreldres verdighetsarbeid*. Nordisk sosialt arbeid. Nr. 4. s. 246-252.

Van Manen, M.(1993). *Pedagogisk takt*. Nordås: Caspar forlag og kursvirksomhet a/s.

Vaage, S. (2001). Perspektivtaking, rekonstruksjon av erfaring og kreative læringsprosesser: George Herbert Mead og John Dewey om læring. I: O. Dysthe (red.), *Dialog, samspel og læring*. Oslo: Abstrakt forlag, s. 129-150.

Westhagen, H. (1991): *Prosjektarbeid. Utviklings- og endringskompetanse*. Oslo: Universitetsforlaget AS.